



Til

- Sjå liste over mottakarar.

# VERDSARV

## Vestnorsk fjordlandskap

Geiranger/Aurland 8. november 2017.

### Områderegulering for Geiranger - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

#### Innleiing

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på geologi og geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og menneskeleg aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar den samla verdien av området.

UNESCO sin Verdsarvkomite slo vidare fast i sitt vedtak : "Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitetar for fjordlandskapa i verda. (...) Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

*Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden.*"

Verdsarvlista utgjer p.t. 1052 område/ objekt. Av desse er igjen berre 49 marine område med framifrå universelle verdiar. Vestnorsk fjordlandskap er ein av desse marine juvelane.

**Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap som vart etablert i januar 2006 har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.**

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Norddal, Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Klima- og Miljødepartementet har møte – og talerett. Leiar og nestleiarvervet veksler med 2 års intervall mellom Nærøyfjord - og Geirangerfjordområdet.

#### Betydninga av områdereguleringsplanen for Geiranger og verdsarven

I det nordlege delområdet av Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap, er Geiranger det einaste bygdesamfunnet som ligg innafor sjølve verdsarvområdet. Bygda og Geirangerfjorden har ein umåteleg sterk posisjon i norsk reiseliv, og er ei merkevare som vert nytta i marknadsføringa av Noreg som reisemål og turistdestinasjon.

I Stortingsmelding 35 (2012-2013) målber statlege styresmakter sine ambisjonar for verdsarvområda:

«*Norske verdsarvområder skal utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innenfor natur- og kulturminneforvaltningen.*»

Ambisjonane vert stadfesta i St.meld. 19 (2016-2017), den såkalla «Reiselivsmeldinga»:

«*Med sine unike kvalitet er det forventet at verdsarvstedene skal håndtere turisme etter beste praksis internasjonalt, og vere gode eksempler for andre kultur- og naturdestinasjoner.*»

Med dette som bakgrunn, knyter det seg store forventingar til områdereguleringsplanen for Geiranger, og bygda har ei rad store utfordringar som det er tidskritisk å få løyst. Dette knyter seg i stor grad til korleis ein skal handtere turiststraumen på ein berekraftig og god måte. Bygda manglar viktig infrastruktur som parkeringsplassar for bussar og bilar, gangvegar for mjuke trafikantar, sanitærbygg og betre tilrettelegging for ilandstigning frå cruiseskip.

Områdereguleringsplanen vart sendt ut til fyrste gongs høyring i slutten av april 2017, og det har kome inn fleire motseigner innan høyringsfristen. Området har utfordringar kring m.a. trugslar frå tsunami (fare for fjellskred frå m.a. Åkneset), snøfonner, flaum, fjellskred, og avgrensingar i handlingsrommet grunna omsyn til freda vegar og verneområde.

Verdsarvrådet ser med uro på at manglande dialog mellom høyringsinstansar på ulike nivå kan gjere planarbeidet til ein svært lang prosess, og fryktar at ein såleis ikkje greier å løyse store utfordringar i verdsarvbygda innan akseptabel tid. Rådet vil såleis be alle involverte organ om å bidra til å tenkje heilskapleg og vere løysingsorienterte for å kunne komme i mål med planen. Verdsarvrådet ber om at alle gjer sitt for å realisere nasjonale målsetjingar om at norske verdsarvstadar skal forvaltast, og handtere turisme, etter beste praksis.

Rådet vil også peike på at det er avgjerande viktig å legge til rette for levande heilårssamfunn bygd på ei berekraftig utvikling både for næringsinteresser og innbyggjarane i dette området.

Verdsarvrådet vil avslutningsvis understreke at alle anlegg og tilretteleggingstiltak må utførast på ein slik måte at dei ikkje svekkjer dei eineståande universelle verdiane (OUV'en) som Unesco verdsarvstatusen er tufta på.

Leiar Verdsarvrådet

Hans Erik Ringkjøb  
Sign.

Sekr. leiar Verdsarvrådet

Erling Oppheim

**Likelydane skriv er sendt til (pr. epost):**

- Stranda kommune, Stranda.
- Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen, Geiranger.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Molde.
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Molde.
- Kystverket, Ålesund.
- Stranda Hamnevesen v/ hamnesjef, Geiranger.
- NVE, Førde.
- Statens Vegvesen, Region Midt, Molde.
- Klima- og miljødepartementet, Oslo.
- Riksantikvaren, Oslo.
- Miljødirektoratet, Trondheim.

**Kopi:**

- Geiranger Utvikling v/ O. Skylstad, Geiranger.

